

Hallo i nedslagsfeltet!

No er nok ein sumar over, og etter ei fin og lang ferie (kunne vore lengre), er eg no komen tilbake i rutinar og kvardag. Uvant, men heldigvis har vi hatt ein mjuk start på skulen. No er eg òg i gang med tredje og siste år på ungdomsskulen! At det er heile to år sidan eg byrja i 8., kjennest nesten uverkeleg ut. Tida flyg!

Laurdag 17. august var eg, Ingrid og pappa i Loen for å gå på Skåla. I vår hadde eg eigentleg tenkt å delta i konkurranseklassa, men ettersom at dei 800 startnummera var utselde allereie i fjor haust måtte eg leggje frå meg den tanken. So vi gjekk i behageleg tempo opp på Skålatårnet. Upåklageleg utsikt, fint vêr, god stemning og mange deltakarar gjorde Skåla Opp til ein folkefest! Ekstra kjekt var det å sjå programmet om Skåla på tv i Stavanger dagen etter.

I år derimot, skal eg melde meg på i god tid. Dei opnar for påmelding allereie i dag, faktisk.





Elles er også siste del av fotballsesongen i gang. Vi har spelt to kampar, som begge diverre har enda med tap. Rett nok var den eine kampen mot serieleiar, men likevel er det kjipt å tape. Spesielt når spelet vårt er bra, men måla ikkje kjem slik dei burde gjere. Vi har også ein tendens til å "slappe av" når vi er i leiinga, noko som straffer seg.



Frå ein tur til Vallanykjen for om lag to veker sidan. Lengtar tilbake til fine sunnmørsalpar, i Stavanger er det nemleg ganske so flatt.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til:
8,0

- Andrea